

110000

«Proletarane» som vart kapitalistar

Vi vert stadig minna om dei som for ikkje så mange år sidan skråla protestsangar eller på anna vis framstilte seg sjølve som beskyttarar og talerør for dei små i samfunnet.

Dei kalla seg proletarar, dei eigedomslause arbeidsfolka, og gjennom væpna revolusjon skulle dei innføre «Proletariatets diktatur». Det hadde millom anna Stalin gjort og han vart såleis ein av deira store førebilde. «Arbeidsinnsatsen» til desse nye «proletarane» bestod for det meste i å pugge Maos Lille Røde og deira andre bibel som var Klassekampen. Dei var oppglødde for Pol Pots «interessante eksperiment», slik ein av AKP-leiarane, Pål Steigan, uttrykte seg etter eit opphald hos den berykta Røde Khmer-massemordaren.

I dag finn vi mange av desse dobbeltmoralistane att innan den arrogante kjendis- og makteliten der dei kan gje seg sjølve høge løner og tilhøyrande frynsegoder og kan velte seg i all den luksus og overflod som kan kjøpast for folket sine midlar. Dei har makta høgt og lågt i samfunnet, og draumen om den væpna revolusjonen gjekk såleis fløyten. Men Maos' verker lever vidare i desse miljøa, og det same gjer Klassekampen som på folkemunne no så treffande vert kalla OverKlassekampen.

Oljepengar og skattemillionar skifter «eigar» like lett som ein pose drops anten dei gjev gåve til bibliotek i Egypt, utlendingar som for offentlege pengar skal oppspore «høgrekestremistiske» nordmenn i nordmenns eige land eller når våre «superdiplomatar» stappa med norske millionar dinglar i armane på halvgamle terroristleiarar i heite omfavnelser.

Jau, 68-arane vart så avgjort dessertgenerasjonen som kom seg opp og fram på oljepengar og eit skattetynga folk.

Vil nordmenn nokon gong vrenge av seg denne tvangstrøya, innsjå sanninga om utbrytarane og krevje verdiane tilbake til folket og samfunnet?

Det er det folket sjølve som avgjer!

Norvald Aasen

HD 3/4-96